

Fangstar av både laks og aure

27.07.2009

**Arvid Eide har fiska i Uskedalselva i helga og er ikkje sikker på at det stemmer heilt at elva kan vera ramma av svikt av laks som andre elvar denne sommaren.
Han kan melda om fangst av både laks og aure. Her er rapporten hans:**

'Eg ser at i Uskedalen.no den 24.07.09 at Uskedalselva kan vera ramma av svikt av laks som andre elvar denne sommaren.

Eg er ikkje helt sikker på at dette stemmer heilt.

Eg var i Uskedalen i helga og fiskre noen få timar på Haugland, sjølv om elva var lita, og eg har fylgjande info å komma med:

24.07.

Fredagskveld, fiska ca 1,5 t, fangst, 1 stk aure på 0,7 kg, såg 1 stk laks på ca 6 kg som hoppa i ein foss på Haugland.

Snakka med 2 ulike personar og dei hadde fylgjande info å komma med:

Person 1 hadde mist 1 stk laks på ca 8 kg med forballbana på fredag

Person 2 hadde sett 1 stk laks på ca 6 kg ca 150 m oppe i Børsdalselva frå der ho forgreiner seg mot Uskedalselva hos Nils Raudstein, dette var også på fredag.

25.07.

Lørdagsmorgon, fiska ca 1.5 t, fangst: 1 stk aure på 0,6 kg. 1 stk tert på 1.4 kg, 1 stk tert på 1.3 kg. I tillegg såg eg 2 stk laksar på ca 8 kg som hoppa i 2 ulike fossar på Haugland med ca 15 min mellomrom.

26.07.

Søndagsmorgon, fiska ca 1 t, 0 fangst, såg 1 stk laks på ca 6 kg som hoppa i ein foss på Haugland

Konklusjonen blir då denne:

Fisketid: ca 5 timer.

Fangst: 2 stk terter og 2 stk aurer

Sett totalt: 6 lakser

I tillegg var elva lita, noko som også fører til etter min vurdering at dette må vera eit brukbart resultat på så stutt tid.'